

Referat FAU-møte Bryne skule

Tid: Måndag 10.11.25 kl.18.30-19.30

Stad: Bryne skule, møterom

Til stades: Jone Siqveland, Lene Austli, Marlen Erga-Frøyland, Berit Hetland
Nersten, Magda Line, Thomas Rake og Elisabeth Opshaug

Meldt forfall: Kristin Hole Soldal

Sakar:

Informasjon frå rektor:

- **Trafikk:** Mange eldre elevar er uforsiktige i trafikken. Skulen ønskjer å arrangere ein reflekskampanje for å auke fokus på det å ferdast trygt i trafikken. FAU støttar dette. Skulen ordnar premie.
- Skule og FAU har tidlegare sett på fordelar og ulemper ved å utvide til fullt utval hos Skolelyst. Det vart i dag avgjort at ein utvidar til fullt utval.

Informasjon frå møte i kommunalt foreldreutval v/Magda Line:

- Hovudfokus på "smarttelefonfri skule" - refleksjonar og erfaringar. Kan ein la eldre elevar dele erfaringar (positive og negative) med å ha smarttelefon med dei yngre elevane?

Trafikkvakter:

- Som følge av byggjearbeid kryssar fleire elevar vegen andre stadar enn tidlegare. Det kan difor vere føremålstenleg å flytte trafikkvakta som står ved stadion til eit kryss nærmare skulen/Bryneheimen. FAU konkluderte med å gjere dette og lagar eit infoskriv som vert sendt ut ila. kort tid.
- For å sikre at alle har oversikt over kva veker dei ulike trinna har ansvar for trafikkvakter, vert det føreslått å føre dette opp på vekeplanen. FAU tek dette opp med skule/klassekontaktar.

Elevkveld:

- Dato for elevkveldar i 2026 er fredag 30. januar og fredag 6. februar. Gymsalen er booka og 7. trinn på Rosseland og Hognestad skule vert invitert med på 7. trinn sin elevkveld.